

Oppslagsnr.	Løpe- nr.	Namn i offentlig bruk / forslag	Vedtak	Namneobjekt	Merknader
1085911	1	Hjeltaskjeret	Hjeltaskjeret	nes i sjø	<p><u>Uttale:</u> /jèl`tasje:rø/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn (hordanamn.uib.no/lydkart).</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Hjeltaskjeret i den lokale namnesamlinga på Hordanamn.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Jeltaskjeret i det avleidde adressenamnet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hjeltaskjeret. I adressenamnsaka skriv Språkrådet at dei tilrår Hjelta- fordi den forma er i tråd med regelen i § 4 i stadnamlova om at skrivemåten skal fylgja dei gjeldande rettskrivingsprinsippa i norsk. Dei viser til at eit likelydande namn i Askøy kommune har skrivemåten Hjeltaskjeret, som er vedteken i ei namnesak, og dei jamfører med namna Hjeltefjorden og Hjeltebekken. Føreleken heng saman med ordet hjalt n. 'tverrstykkje (på sverdhandtak)' og med det gamalnorske ordet hjaltr m. 'shetlending'.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>

1085911	1	Jeltaskjeret		nes i sjø	<p><u>Vurdering:</u> Eit rettskrivingsprinsipp i norsk er at ord som hadde hj- i gamalnorsk òg vert skrivne med hj- i moderne norsk, sjølv om h-en i dag er stum i uttalen. Det er grunnen til at ein i norsk skriv t.d. hjarta, hjelm og hjelp i staden for *jarta, *jelm og *jelp. Som Språkrådet peikar på, skal skrivemåten av stadnamn fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk. Namnelekkjen Hjelt- førekjem i fleire andre stadnamn i det som i dag er Øygarden kommune, t.d. i Hjeltefjorden, Hjeltholmen, Hjeltebekken, Hjelteryggen, Hjelteryggvegen og Hjelteskjeret, so normeringspraksisen for Hjelt- er eintydig utanom i adressenamnet i denne saka. Det var ikkje noko skrifttradisjon for Jelt- frå før Språkrådet gav kommunen tilråding i adressenamnet, og dermed er det ingen tungtvegande grunnar for skrivemåten Jelta- i denne saka.</p> <p>Heltaskjeret vert fastsett som skrivemåte i samsvar med lokal normeringspraksis og § 4 i lov om stadnamn.</p>
1040153	2	Jeltaskjeret / Hjeltaskjeret		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Hjeltaskjeret.</p>
1086052	3	Nordre Sjøen	Nordre Sjøen – i samansetningar: Nordresjø-	stø	<p><u>Uttale:</u> /no:ˈrə sjø:ˈd'n/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Nordre Sjøen i den lokale namnesamlinga på Hordanamn, Nordresjøen i bygdebokverket Sund på Søre Sotra, bd. 1 og 2 frå 2012 og 2013.</p> <p><u>Høyringsssvar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Noresjøvegen og Gamle Noresjøvegen i dei avleidde adressenamna.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nordre Sjøen i naturnamnet, men Nordresjøvegen og Gamle Nordresjøvegen i dei avleidde adressenamna.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>

1086052	3	Noresjøen / Nordresjøen		stø	<p><u>Vurdering:</u> Førelekken i dette namnet er ordet nordre, som har nordre og nørdrre som dei einaste rettskrivingsformene i norsk. § 1 i forskrift om stadnamn fastset at ålment kjende ord og namnelekkar skal fylgja gjeldande rettskriving i norsk. Skrivemåten Nordre har òg ein eintydig normeringspraksis i stadnamn elles i heile Øygarden kommune. Naturnamnet har ein uttale i to ord, og bør difor ha ein skrivemåte i to ord, jf. pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein skil mellom faste og lause samansetningar. Faste samansetningar skriv ein i eitt ord, t.d. Storsteinen, medan lause samansetningar blir skrivne i to eller fleire ord, t.d. Den store steinen. Det er dialektuttalen som avgjer om ei samansetning er fast eller laus. [...] Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen."</p> <p>I dette namnet er det grunnlag for å skilja mellom laus samansetning Nordre Sjøen i det usamansette namnet, og fast samansetning Nordresjø- når det står som førelekk i samansetningar, slik Språkrådet legg opp til, m.a. av rytmske årsaker.</p> <p>Nordre Sjøen, i samansetningar Nordresjø-, vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
1038463	4	Noresjøvegen / Nordresjøvegen		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nordresjøvegen.</p>
1038513	5	Gamle Noresjøvegen / Gamle Nordresjøvegen		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Gamle Nordresjøvegen.</p>

368872	6	Keila	Keila – i samansetningar: Keile-	bruk 111/3	<p><u>Uttale:</u> /kèi`lo/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn. Eit avleidd namn like ved er innlese med uttalen /kèi`lesjinnæflo:r'n/.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kjeilen i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Keila i Norge 1:50 000 frå 1952, 1981, 1995, 2001 og 2010.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Kjeilevegen i det avleidde adressenamnet, men dei har seinare endra adressenamnet til Keilavegen utan -j- og med -a-.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Keila i bruksnamnet, og Keilevegen med e-fuge i det avleidde adressenamnet. Dei jamfører med andre namneformer som Keilekverna og Keilegrinda i det same området.</p> <p><u>Vurdering:</u> Ordet keile 'smalt sund; trong vik' er eit lint hokjønnsord, og har lik bøying som t.d. orda veke, bryggje og veske. Ei samansetning *vekaplan er klart ugrammatisk, og det same gjeld Keila- i samansetningar som t.d. Keilavegen.</p> <p>Namnet får ein skrivemåten Keil- utan j i samsvar med rettskrivingsprinsippet i norsk som seier at ein ikkje nyttar j føre i, ei, y og øy. Endinga -a i skrift for -o i dialektuttalen når namnet står usamansett er i samsvar med skrifttradisjonen for namnet og vanleg normeringspraksis for bunden form av linne hokjønnsord i norsk, jf. pkt. 4.2.1 i dei utfyllande reglane.</p> <p>Keila, i samansetningar Keile-, vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 4.2.1 og 6 i dei utfyllande reglane.</p>
1040232	7	Keilavegen / Keilevegen		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Keilevegen.</p>

1086051	8	Tjørnamyra / Tjødnamyra	Tjødnamyra	myr	<p><u>Uttale:</u> /kød`namy:ra/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Tjødnamyra i det avleidde adressenamnet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tjørnamyra, jf. § 4 i stadnamnlova, som fastset at skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk.</p> <p><u>Vurdering:</u> Som Språkrådet peikar på, fylgjer skrivemåten Tjørna- av § 4 i lova, og det er den vanlege normeringsmåten av ordet tjørn i stadnamn i Øygarden og resten av det området i Noreg som har -dn- for -rn- i dialekten. Men naturnamnet på denne staden er utan skrifttradisjon i offentleg bruk, og pkt. 1 i dei utfyllande reglane opnar i større grad for bruk av lokale former i førelekken enn i etterlekken. Sidan den dialektnære forma Tjødna- no er innarbeidd gjennom adressenamnet, og Tjødna- òg førekjem i adressenamna Tjødnavegen og Tjødnhaugen i same kommune, verkar det ikkje tilrådeleg å fullnormera førelekken i dette tilfellet. (Det er elles å merkja at adresseparsellen ser ut til å liggja nærmare Døvjamyra enn Tjødnamyra. I so fall bør kanskje adresseparsellen byta namn, jf. § 3 i lov om stadnamn.)</p> <p>Tjødnamyra vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 1 i dei utfyllande reglane.</p>
1040151	9	Tjødnamyra / Tjørnamyra		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Tjørnamyrvegen, og viser til at myrnamnet ikkje er dekkjande for heile adresseparsellen.</p>

(i matr.)	10	Norddalen	Nordal	bruk 115/32	<p><u>Uttale:</u> /norda:l/ jf. eigar Jimmy Håkonsund pr. telefon med Kartverket.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Nordal i skøyte frå 1946, i 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Nordalsvegen i det avleidde adressenamnet. Grunneigaren opplyser pr. telefon med Kartverket at han ynskjer skrivemåten Nordal med éin d, og at uttalen er /norda:l/ med -dal i ubunden form. Han kjenner ikkje til noko naturnamn *Norddalen på staden.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Norddalen. Dei presiserer at namnet ikkje er med i namnesamlinga deira frå området, og i tilrådinga som gjeld adressenamnet Nor(d)dalsvegen bed dei om at kommunen bør skaffa naudsynte opplysningar om rett namneobjekt for primærnamnet.</p> <p><u>Vurdering:</u> Namnet Nordal har ein eintydig skrifttradisjon med denne skrivemåten, og når grunneigaren òg ynskjer å halda fast på denne skrivemåten, gjev det lite grunnlag for å endra namnet til Norddal, som ville vera ein fullnormert skrivemåte for namnelekkane nord og dal. Det er ikkje noko kjent talemålsgrunnlag for skrivemåten -dalen i bunden form.</p> <p>Nordal vert fastsett som skrivemåte i samsvar med skrifttradisjonen til namnet, jf. § 4 i lov om stadnamn.</p>
1038393	11	Nordalsvegen / Norddalsvegen		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Norddalsvegen.</p>

1086050	12	Spannsteigen	Spannsteigen	slette	<p><u>Uttale:</u> /spanns'tejøn/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Namnet er normert som Spannsteigen i den lokale namnesamlinga på Hordanamn.</p> <p><u>Høyrings svar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Spannstegen i det avleidde adressenamnet. Dei peikar på at det er lett å missa den opphavlege tydinga av eit namn, og at folk som bur på staden meiner at namnet kjem av ordet stig og ikkje av teig.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Spannsteigen, og dei skriv at det ikkje kan vera tvil om at etterlekken er bunden eintalsform av ordet teig m.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>
1086050	12	Spannstegen		slette	<p><u>Vurdering:</u> Kartverket støttar Språkrådet i at etterlekken i dette namnet må koma av ordet teig m. '(mark-)stykke', og ikkje av ordet stig, slik somme meiner lokalt. Spannsteigen er eit heilt vanleg teignamn i Hordaland og Rogaland, og spann n. er m.a. eit mål på kornvekt, som i dette namnet fortel kor mykje teigen kan produsera (av korn). Oluf Rygh skriv i Norske Gaardnavne at namnet Spannsteigen ikkje er sjeldan i Hordaland, og at det er namn på ein teig som har eitt spann i skyld. Lydutviklinga /-teijen/ > /tejen/ her er ikkje uventa, for /i/ og /j/ ligg so lydleg nær kvarandre at dei lett kan verta assimilert når dei står i lag. Viss etterlekken kom av ordet stig m. 'sti, gangveg', ville det etter norsk rettskriving tilseia skrivemåten Spannsstigen, men det er altso ikkje ei rimeleg tolking av dette namnet. § 1 i lov om stadnamn fastset at skrivemåten ikkje skal skyggja for meiningsinnhaldet i namnet, og skrivemåten Spannstegen må uansett reknast å skyggja for tydinga av dette namnet. Spannsteigen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 1 og 4 i lov om stadnamn og § 1 i forskrift om stadnamn.</p>

1038560	13	Spannstegen / Spannsteigen		adressenamn	Kommunen er vedtaksmynde <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Spannstegen.
469634	14	Vorlandsvika	Vorlandsvika	vik i sjø	<u>Uttale:</u> /vo:r`lansvi:kə/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn. <u>Høyrings svar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Vorlandsvika. <u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vorlandsvika med genitivs-s. <u>Vurdering:</u> Skrivemåten Vorlandsvika er uproblematisk. Uttalen viser at namnet Vorland får fuge-s i samansetningar. Vorlandsvika vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.

991218	15	Vorlandssjøen / Vorlandsjø	Vorlandssjøen	kai	<p><u>Uttale:</u> /vo:r`lansjø:d'n/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Vorlandsjø i det avleidde adressenamnet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vorlandssjøen med genitivs-s og i bunden form. Dei jamfører med namn som Noresjøen/Nordre Sjøen og Kleppasjøen, som er fastsette som adressenamn av kommunen. For Vorlandssjøen opplyser dei at informanten Borgfrid Lunde i 2008 nytta uttalen /vårlannssjødn/ i bunden form. Når det gjeld bruken av genitivs-s, jamfører dei med nedervde lokale namneformer som Vorlandselva, Vorlandstua ("-tuo"), Vorlandsvatnet og Vorlandsvika ("-vikja").</p> <p><u>Vurdering:</u> Som det går fram av namnet Vorlandsvika, har Vorland ein samansetningsmåte med s: Vorlands-. Då må skrivemåten etter norske rettskrivingsprinispp òg ha samansetningsmåte med -s- i namn der etterlekken byrjar på s, jf. at det t.d. heiter ungdomssenter på norsk, ikkje *ungdomsenter. Namnet har bunden form i uttalen, og det tilseier at det òg får bunden form i skrift, jf. pkt. 2 i dei utfyllande reglane: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." Som Språkrådet peikar på, er det òg vanleg normeringspraksis at namnet på -sjø(en) vert skrivne -sjøen elles i nærområdet.</p> <p>Vorlandssjøen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 2 i dei utfyllande reglane.</p>
1040306	16	Vorlandsjø / Vorlandssjøen		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Vorlandssjøen.</p>

1086049	17	Myraklakken / Myraklakkjen	Myraklakken	haug	<p><u>Uttale:</u> /my:`raklak̥kən/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Myraklakkjen i det avleidde adressenamnet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Myraklakken. Dei viser til at etterlekken er bunden form av ordet klakk m., og til § 4 i lov om stadnamn, som fastset at stadnamn skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk.</p> <p><u>Vurdering:</u> I bygdemåla har det vore utbreitt med sokalla palatalisering av g og k til /j/ og /k/ i trykklette stavingar føre ljose vokalar, men det er ikkje brukt i skrift, korkje på bokmål eller nynorsk. I dei tilfella nynorsk har -gj- eller -kj- i trykklett stode i substantiv, er det i ord som òg hadde -gj- eller -kj- på gamalnorsk, t.d. bryggje (gno. bryggja) og kyrkje (gno. kirkja). Det er ingen serskilde grunnar til å markera palatalisering i akkurat dette namnet, som kjem av klakk m. 'framstikkande haug eller berg'. Kommunen har heller ikkje brukt dialektal -gj- eller -kj- i slik stode elles ved adressering. Myraklakken vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn.</p>
1040345	18	Myraklakkjen / Myraklakken		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Myraklakken.</p>

1086048	19	Kvernhopen / Kvednhopen	Kvernhopen	vik i sjø	<p><u>Uttale:</u> /kvèdno:pøn/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Kvernhopen i økonomisk kartverk frå 1978 og i bygdebokverket Sund på Søre Sotra, bd. 4 frå 2015 og bd. 6 frå 2019.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Kvednhopen i det avleidde adressenamnet.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvernhopen for naturnamnet, der førelekken bør skrivast Kvern- i samsvar med § 4 i lov om stadnamn, som fastset at skrivemåten skal vera i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk.</p> <p><u>Vurdering:</u> På denne staden er det ein innarbeidd tradisjon for skrivemåten Kvernhopen i offentleg bruk, og det er ikkje serskilde grunnar til å vika frå rettskrivinga når rettskrivingsforma er innarbeidd frå før. Namnet er òg fullnormert i lokallitteraturen, og det gjev ekstra grunnlag for å fylgja rettskrivinga, jf. § 1 i forskrift om stadnamn, som fastset at skrivemåten av ålment kjende ord og namnelekkar skal fylgja gjeldande rettskriving i norsk.</p> <p>Kvernhopen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og § 1 i forskrift om stadnamn.</p>
1039987	20	Kvednhopen / Kvernhopen		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Kvernhopavegen, der -vegen bør vera del av adressenamnet sidan stadnamnet Kvernhopen ikkje er dekkjande for heile adresseparsellen. Samansetningsmåten Kvernhopar er i samsvar med andre naturnamn som Kvernhopadammen og Kvernhopaelva i det same området, og dei viser til pkt. 3.1.b.V i rettleiinga til forskrifta (no pkt. 6 i dei utfyllande reglane: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen.").</p>

	21	Brota / Brøta	(utgår)	li?	Namnet utgår frå saka. Adressenamnet Brøta, som utløyste saka, er seinare bytt ut med Bøgardsvegen som namn, og det er ikkje dokumentert noko naturnamn Brota/Brøta på staden.
874933	22	Tofta	Tofta	Namnegard (fellesnamn for gard 124 og 125)	<p><u>Uttale:</u> /tø`ffta/ og /tå`ffta/, jf. bokverket Norske Gaardnavne, der det står at namnet kjem av gamalnorsk topt f. 'tuft' i genitiv fleirtal. I bygdeboka Sund på Søre Sotra B. 3 (2014) står /tøffta/ oppført som tradisjonell uttale både på gnr. 124 Sørtofta og på gnr. 125 Nordtofta. Sigurd Toft nemner òg uttalen Tøfta i sitt høyringssvar.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Toft i Norge 1:50 000 frå 1952, Tofta i Norge 1:50 000 frå 1980, 1995, 2001 og 2010. (Sjå elles gard 124 og gard 125 nedanfor når det gjeld kvar av dei to matrikkelgardane.)</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen ynskjer at baa gardane samla får namnet Toft, medan gnr. 124 og 125 får namna Sørtofta og Nordtofta. Erling Toft, Inger Synneva Toft Andersen og Sigurd Toft ynskjer skrivemåten Toft for namnegardsnamnet. (Dei to sistnemnde er ikkje eigarar av bruk som har Toft(a) som del av namnet. (Sjå òg høyringssvar for Sørtofta og Nordtofta nedanfor.)</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>

874933	22	Toft		<p>Namnegard (fellesnamn for gard 124 og 125)</p>	<p><u>Vurdering:</u> Lovverket gjev i liten grad opning for å ha ulik skrivemåte i namnegardsnamnet og i dei tilhøyrande gardsnamna når eit slikt skilje ikkje har talemålsgrunnlag. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn fastset fylgjande: "Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk". Namneforma Tofta med -a er ei gamal fleirtalsform av ordet toft. Punkt 2 i dei utfyllande reglane fastset fylgjande: "Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen." I dette namnet finst det ein betydeleg skrifttradisjon i offentleg bruk for Tofta, som samsvarar med den lokale, nedervde uttalen /tø`ffta/ eller /tå`ffta/, og dette samsvarar òg med skrivemåtane Sørtofta og Nordtofta i dei avleidde gardsnamna. Det ville vera inkonsekvent å bruka Toft i namnegardsnamnet, men -tofta i dei avleidde gardsnamna. Skrivemåten for primærnamnet skal vera retningsgjevande for avleidde namn, jf. § 4 tredje ledd i lova: "Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for [primærnamnet], som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta." Jf. òg § 5 andre ledd i lova. Tofta vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 2 i dei utfyllande reglane.</p>
--------	----	------	--	---	---

39030	23	Søre Tofta	Sørtofta	Gard	<p><u>Uttale:</u> I bygdeboka Sund på Søre Sotra B. 3 (2014) står /tøffta/ oppført som tradisjonell uttale. Erling Toft skriv i ei klage på tidlegare vedtak om Søre Tofta at Sørtofta er talemålsforma av namnet.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Toft søndre i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Søre Toft i økonomisk kartverk frå 1963, Søre Tofta i Kartverket sitt vedtak frå 2014, Sørtofta i bygdeboka Sund på Søre Sotra bd. 3 frå 2014.</p> <p><u>Høyrings svar:</u> Kommunen går inn for skrivemåten Sørtofta. Inger Synneva Toft Andersen kan ynskjer primært skrivemåten Søre Toft, men skjønar likevel argumenta for ei endring, og sluttar seg då til alternativet Sørtofta. Sigurd Toft meiner at Søre og Nordre ikkje er naudsynt å bruka for einskildgardane, og at skrivemåten uansett må vera Toft. Tofta og Tøfta ser han på som talemåtar.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Sørtofta.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>
-------	----	------------	-----------------	------	--

39030	23	Søre Toft / Sørtofta		Gard	<p><u>Vurdering:</u> Både høyringssvara og bygdeboka sin bruk av Sørtofta tyder på ein brei aksept for den talemålsnære skrivemåten Sørtofta, sjølv om somme heller kunne føretrekkja Søre Toft. I punkt 6 i dei utfyllande reglane står det fylgjande om samansette namn: "Ein skil mellom faste og lause samansetningar. Faste samansetningar skriv ein i eitt ord, t.d. Storsteinen, medan lause samansetningar blir skrivne i to eller fleire ord, t.d. Den store steinen. Det er dialektuttalen som avgjer om ei samansetning er fast eller laus. Det vanlege i norsk namnelaging er fast samansetning og bunden form. [...] Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Fast samansetning er noko som går langt attende i tid for dette namnet og for Nordtofta, jf. formene Sørtoft og Nortoft frå 1667 og Sørtofft og Nortoft frå 1723.</p> <p>Skrivemåtane Søre Tofta og Nordre Tofta, som Kartverket vedtok i 2014, vart nok lokalt oppfatta som hybridformer av ei meir formell skriftleg form Søre/Nordre Toft og dei tradisjonelle talemålsformene Sørtofta og Nordtofta, og det er soleis skjønleg at det vart lokal motstand mot dei. Normeringa skal ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, jf. § 4 fyrste ledd i lova, og det vart ikkje gjort i tilstrekkeleg grad i det fyrste vedtaket i denne saka. Namneforma Sørtofta er i større grad i samsvar med uttalen og dei retningslinjene lova gjev, og den skrivemåten synest det òg å vera større lokal aksept for. Sjå elles løpenr. 22 når det gjeld endinga -a.</p> <p>Sørtofta vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 2 og 6 i dei utfyllande reglane.</p>
(i matr.)	24	Søndre Toft	Sørtofta	bruk 124/1	Jf. løpenr. 23
(i matr.)	25	Søndre Toft	Sørtofta	bruk 124/2	Jf. løpenr. 23
(i matr.)	26	Søndre Toft	Sørtofta	bruk 124/4	Jf. løpenr. 23
(i matr.)	27	Søndre Toft	Sørtofta	bruk 124/7	Jf. løpenr. 23. (Namnet fell bort frå bruk 124/29, 31, 32, 34, 35, 36 og 37)

894556	28	Nordre Tofta / Nordre Toft / Nordtofta	Nordtofta	Gard	<p><u>Uttale:</u> I bygdeboka Sund på Søre Sotra B. 3 (2014) står /tøffta/ oppført som tradisjonell uttale. Erling Toft skriv i eit høyringssvar at Nordtofta er talemålsforma av namnet.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Toft nordre i 1886-, 1906-, 1950-matrikkelen og i gjeldande matrikkel, Nordre Toft i økonomisk kartverk frå 1963, Nordre Tofta i vedtaket frå 2014, Nordtofta i bygdeboka Sund på Søre Sotra bd. 3 frå 2014.</p> <p><u>Høyringssvar:</u> Kommunen går inn for skrivemåten Nordtofta. Erling Toft vil helst ha skrivemåten Nordre Toft, men som eit kompromiss kan han godta Nordtofta sidan det er i samsvar med talemålsforma av namnet, slik stadnamnlova opnar for. Inger Synneva Toft Andersen kan ynskjer primært skrivemåten Søre Toft, men skjønar likevel argumenta for ei endring, og sluttar seg då til alternativet Nordtofta. Sigurd Toft meiner at Søre og Nordre ikkje er naudsynt å bruka for einskildgardane, og at skrivemåten uansett må vera Toft. Tofta og Tøfta ser han på som talemåtar.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Nordtofta.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå løpenr. 23.</p>
(i matr.)	29	Nordre Toft	Nordtofta	bruk 125/1	Jf. løpenr. 28
(i matr.)	30	Nordre Toft	Nordtofta	bruk 125/2	Jf. løpenr. 28
(i matr.)	31	Nordre Toft	Nordtofta	bruk 125/3	Jf. løpenr. 28
(i matr.)	32	Nordre Toft	Nordtofta	bruk 125/4	Jf. løpenr. 28. (Namnet fell bort frå bruk 125/28, 36, 37, 41-48, 53-63, 66-68 og frå feste 125/2/1.)

126692	33	Toftøya	Toftarøyna	øy i sjø	<p><u>Uttale:</u> Gerd Forland opplyser uttalen /tåftarøyna/ pr. telefon med Kartverket, ev. /tåftarøy/, som ho oppfattar som meir formelt rett.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Toftøy i Norge 1:50 000 frå 1952, Toftøya i Norge 1:50 000 frå 1980, 1995, 2001 og 2010, Toftarøy i økonomisk kartverk frå 1963, Toftø i sjøkart frå 1919 og 1930, Toftøy i sjøkart frå 1948, 1963 og 2010, Toftarøy i sjøkart frå 1967, 1981 og 2001, Toftarøya i Den norske los 3A frå 1990, Toftarøyna i Den norske los 3B frå 1990 og i bygdeboka Sund på Søre Sotra bd. 3 frå 2014.</p> <p><u>Høyrings svar:</u> Kommunen skriv at dei held fast på det opphavlege vedtaket sitt om Tofterøyvegen i det avleidde adressenamnet, men ingen høyringspartar kommenterer øynamnet direkte.</p> <p><u>Tilråding:</u> I samband med at Språkrådet tok opp namnesak for dette namnet, tilrådde dei skrivemåten Toftarøyna. Dei synte til at Toftar- er ei gamal genitivsform av gardsnamnet Toft, og til at det i samband med høyringa for adressenamnet Tofterøyvegen kom inn merknader frå innbyggjarar om at at namnet burde skrivast Toftarøyvegen, noko som òg vart innstilt på frå administrasjonen i kommunen. Subsidiært gav dei då støtte til Toftøyna. Då dei fekk saka til endeleg tilråding, tilrådde dei derimot Toftøyna, men utan nærmare grunngjeving for endringa.</p> <p><u>Vurdering:</u> Sjå nedanfor.</p>
--------	----	---------	------------	----------	--

126692	33	Toftarøyyna / Toftarøy		øy i sjø	<p><u>Vurdering:</u> I dette namnet må det både vurderast om samansetningsmåten -ar-/-er- skal vera del av namnet, og om etterlekken skal skrivast -øy, -øya eller -øyyna.</p> <p>Punkt 6 i dei utfyllande reglane fastset følgjande: "Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen." Det verkar klart at den gamle genitivsforma -ar- i Toftar- framleis er i vanleg bruk lokalt i dette namnet, og det tilseier dermed at han òg skal vera med i skrift. Kommunen har valt skrivemåten -er-, men det er ei bokmålisering av -ar- som ikkje ser ut til å ha støtte i den tradisjonelle, nedervde uttalen av namnet. Innspela kommunen fekk frå nokre innbyggjarar om skrivemåten Toftarøyvegen peikar i same retning. Når det gjeld etterlekken -øy/-øya/-øyyna, har både ubunden form -øy og bunden form -øya eller -øyyna vore brukt. Bunden form -øyyna er det som tradisjonelt er brukt i talemålet, og det òg er i samsvar med normeringspraksis for andre øyar i nærområdet, t.d. Stora og Litla Fugløyna, Vardøyna og Risøyna; Færøyna, Nordøyna og Flatøyna. Regelverket opnar for skrivemåten -øyyna, jf. pkt. 3.8 og 4.1.5 i dei utfyllande reglane, og her er det ikkje nokon gode grunnar til å vika frå uttalen og normeringspraksisen elles.</p> <p>Toftarøyyna vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 4.1.5 i dei utfyllande reglane.</p>
(i matr.)	34	Tofterøy	Toftarøyyna	grunnkrins	Jf. løpenr. 33
593187	35	Tofterøy / Toftarøybrua		bru	Fylkeskommunen er vedtaksmynde
1038588	36	Tofterøyvegen / Toftarøyvegen		adressenamn	<p>Kommunen er vedtaksmynde</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet har ikkje teke stilling til skrivemåten av adressenamnet. (Dei tilrådde eit anna namn, Hummelsundvegen, då kommunen la namnet fram for Språkrådet.)</p>

65730	37	Toftosen / Toftøyosen / Toftarøyosen	Toftosen	sund i sjø	<p><u>Uttale:</u> /tåft`o:s'n/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn. Kjell Toft nyttar òg uttalen /tåft`o:s'n/ pr. telefon med Kartverket.</p> <p><u>Skrifttradisjon:</u> Toftøyosen i Norge 1:50 000 frå 1952, Toftosen i Norge 1:50 000 frå 1980, 1995, 2001 og 2010, Toftosen i økonomisk kartverk frå 1963, Toftøosen i sjøkart frå 1919 og 1930, Toftøyosen i sjøkart frå 1948, 1963 og 2010, Toftarøyosen i sjøkart frå 1967, 1981 og 2001, både Toftosen og Toftøyosen i bygdeboka Sund på Søre Sotra bd. 3 frå 2014.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Toftosen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Toftosen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Det ser ikkje ut til å vera noko talemålsgrunnlag for namneforma Toftøyosen. Øynamnet er Toftarøyna etter lokal uttale, so skrivemåten her må anten vera Toftarøyosen eller berre Toftosen. Den lokale uttalen tyder på at namnet på sundet har gardsnamnet Tofta som førelekk, og ikkje øynamnet, slik ein òg ser i andre samansetningar med Tofta- i nærleiken, t.d. Toftatræet, Toftavika, Toftatangen og Toftatunet. Einaste skilnaden her er at den vanlege samansetningsmåten Tofta- med -a- fell bort ved elisjon fordi etterlekken -osen byrjar på vokal.</p> <p>Toftosen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
793729	38	Toftøyosen lykt	Toftosen lykt	lykt, fyrnr. 187500	Jf. løpenr. 37

469591	39	Toftatangen	Toftatangen	nes i sjø	<p><u>Uttale:</u> /tåf`tatånjøn/, jf. innlesen uttale i namnesamlinga på Hordanamn. Kjell Toft opplyser at dei lokalt gjerne brukar namneforma /tån`jøn/ usamansett.</p> <p><u>Høyringsvar:</u> Kommunen ynskjer skrivemåten Toftatangen.</p> <p><u>Tilråding:</u> Språkrådet tilrår skrivemåten Toftatangen.</p> <p><u>Vurdering:</u> Skrivemåten Tofta- er i samsvar med vanleg samansetningsmåte for namnegardsnamnet Tofta, bortsett frå føre vokal, der anten den gamle genitivsforma -ar- vert halden, jf. Toftarøyna, eller der genitivsforma fell heilt bort, som i Toftosen. Kortforma /tån`jøn/ er det namnegranskar Magnus Olsen kalla "gårdens navn" på staden, medan /tåf`tatånjøn/ er det han kalla "bygdens navn" eller "veiens navn". Det er "bygdens navn" eller "veiens navn" som vanlegvis er mest eintydige, og som dermed eignar seg best i offentleg bruk med den vegvisarrolla stadnamn skal ha for eit breitt publikum.</p> <p>Toftatangen vert fastsett som skrivemåte i samsvar med § 4 i lov om stadnamn og pkt. 6 i dei utfyllande reglane.</p>
--------	----	-------------	--------------------	-----------	---